

Aldersbestemming av hjortevilt 2015

Det skal vere enkelt for vår kunde å vidareformidle resultatet for sin kommune og vald/jaktfelt i kommunen. Det betyr at enkle diagram som syner utvikling i alder, vekt og kjeve-lengd over fleire år for kommune og for vald/jaktfelt inngår i pris.

Ved aldersbestemming får ein avdekt aldersstrukturen i bestanden. Dataseriar av alder, vekt og kjønn over fleire år gjev eit svært godt innblikk i bestandssamansetning og utvikling.

Utvikling i vekt gjev indikasjon på beitekvalitet og kondisjon. Saman med anna informasjon om den lokale bestanden får ein eit godt grunnlag for kvotesetting. Kommunar kan støtte seg til denne kunnskapen ved utarbeiding av kommunale mål.

I ein sunn og sterk hjorteviltbestand bør alle aldersgrupper vere representert. Eksempelvis er ikkje ein elgokse på topp før ved ca. ti års alder. Ei hjortekolle kan nå ein høgare levealder enn ein hjortebukk. Kva er snittalderen på oksar i ditt terreng?

Prisar for 2015

Vi har differensierte prisar. Alle prisar er ekskl. mva.

	Tenner tilsendt	Kjevar tilsendt
2 år og eldre		
1 til 10 dyr	kr 147,- per stk.	kr 167,- per stk.
11 til 30 dyr	kr 127,- per stk.	kr 147,- per stk.
31 til 250 dyr	kr 117,- per stk.	kr 137,- per stk.
Kalv og ungdyr		kr 25,- per stk.

Prisane inkluderer resultat presentert i tabellar. Resultatet vil bli sendt til dykk elektronisk. Vi kan også skrive rapportar der resultatet blir presentert meir grundig. Data frå fleire år gjer at ein kan følgje med i bestandsutviklinga. Kva moment som skal vere med i ein slik rapport avtalast nærare etter ynskje frå kunde.

Korleis reingjere og sende materialet?

Det kan sendast inn enten heile underkjevar eller berre framtennene i underkjeven. Vi vil anbefale at de sender inn heile underkjevar. Kjevelengde er ein viktig indikator på kondisjonen i bestanden, som gir nyttig info i lag med aldersdata og slaktevekter.

Merk kvart enkelt individ med vald, jaktfelt, dyr nr. kjønn, vekt og antall taggar. Kjevelappar til elg og hjort bestiller kommunen gjennom hjorteviltregisteret (sjå <http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Viltforvaltning/Forvaltning-av-hjortevilt/Hvordan-bestille-kjevelapper-for-elg-og-hjort/>).

1. Sende heile underkjevar:

Underkjeven skal vere skrapa reine og tørka før sending. Det er viktig at området rundt framtennene og i bakkant av kjeven (sjå figur 1) er like godt reingjort som resten av kjeven, slik at målet på kjevelengde blir så nøyaktig som mogleg. Kjevelappen må vere godt festa til kjeven. Helst i bakkant, slik som på figur 1.



For å spare plass er det mogleg å skjere av eine halvdel av underkjeven, men det er då viktig at det blir kappav på eine kjevestanga bak framtennene, slik at tennene framleis heng på, og at den halvdel av kjeven som blir sendt til oss er heil og godt reingjort, slik at vi får lest av kjevelengda. Vi vil oppmode om at kjeven ikkje blir kappav bak jekslane, slik mange gjer når dei sender til oss. Då kan vi ikkje lese av kjevelengda.

Kjevane må pakkast luftig i pappkartongar. Når vi får tilsendt kjevar som er pakka tett i plast er det i tillegg til å vere svært ubehagelig for oss å jobbe med, ofte ikkje mogleg å lese av kjevelengda. I verste fall går det rote i rota på tanna, og vi klarar ikkje lese alder i det heile. Tennene har også ofte løsnar, og vi sit då att med ein innsendt kjeve som vi ikkje får analysert.

2. Sende berre framtennene:

Viss berre framtennene skal sendast gjer du som fylgjer:

- Kok kjeven i ca. 30 minutt.
- Dra så dei to framtennene i midten forsiktig ut.
- Skrap tennene reine, men ikkje med ein skarp reiskap som for eksempel kniv.
- Pakk tennene i papir ved sending, og merk dei godt (kjevelappen i same papirpose som tennene).

Kjevar/tenner sender ein til (lokalt kan ein levere kjevar direkte):

Utmarksressurs AS v/Steinar Lund
Indre Jåstad
5777 Grimo